

# Innspel til planID 2021001

Dykkar ref. 21/60 – 4/ANT

Dato: 11/10/2022

Frå: Hans Olav Brandtun  
Gbnr 142/96  
Mastrevikane 30  
5943 Austrheim

Eg viser til Plan ID 4632-2021001 og tilhøyrande dokumenter. Eg legg merke til at vegen frå huset mitt og ned til sjøen er foreslått stengt for køyretøy.

Eg har derfor fylgjande merknadar til forslag til detaljregulering:

Områda SV6, SV7 og SGS mellom desse i Vedlegg 1 – Reguleringsplan 01.07.2022, er opparbeid privat av eigagarar av og for tilkomst til Gbnr 142/96 og 142/97 frå område o\_BU i fylge sak 11 av møte den 21.2.83 i Austrheim Kommunestyre og signert kjøpekontrakt datert 22/3-83. Foreslått reguleringsvedtekter tek ikkje omsyn signert avtale, og eg ber derfor om at inneklemt område SGS vert endra til same formål som SV6.

Eg finn det vanskeleg å forstå at bustadadressa vår er Mastrevikane 30, men at me ikkje skal få nytte «Stråveien» til tilkomst. Det er ikkje noko kjent problematikk at det er mykje gjennomgangstrafikk mellom SV6 og SV7 historisk eller i dag. Vegen er i all hovudsak nytta av grunneigarar av Gbnr 142/96 og 97 og vegen, for tilkomst til Gbnr 142/138, 151, 238, 239 og 240. Dette vert underbygd av samtale med rektor på AVS, Frode Hervik samt samanlikning av rapportert trafikkmengd på side 24 i Planskildring (vedlegg 8)

Siste setning i pkt 3.2.2 i reguleringsføresegner som omhandlar SV6 vert foreslått strøke, alternativt omarbeidd slik at rettigheitene av 1983 for Gbnr 142/96 og 97 vert oppretthalde på tilfredsstillande vis, til dømes gjennom skilting.

Kommunen skal etter avtalen ha høve til bruk av vegen til ettersyn, vedlikehald og reparasjon av dei kommunal-tekniske anlegga, og ha rett til vederlagsfri bruk av *den delen av vegen som ligg i industriområdet som vegtilkomst til ny industreising i dette området*. Det er dermed ikkje høve til å nytta SV7 som tilkomstveg til bustadområdet BKS2 etter privatrettslege avtalar, og dermed ikkje naudsynt med særskilde reguleringsføremål for SV7.

Gitt klargjeringsar over, samt usikkerheiter rundt plassering, tilstand og kapasitet på VA-anlegget i området, foreslår eg at området BFS2 vert flytta til nord for BKS1. Dette vil gje betre solhøve i eit samanhengande og variert bustadområde med betre føresetnadar på infrastruktur, samtidig som området o\_G vest for AVS blir hengande saman med o\_G aust for Gbnr 142/97 og for Gbnr 142/32 i god heilheit.

Mastrevik, 11.10.2022

Hans O. Brandtun

Hans Olav Brandtun